



GJERDERETTLEIAR

Tokke kommune

LOVAR, RETTAR OG TILRÅDDE
GJERDEMÅTAR

Innhald

1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn for arbeidet	3
1.2 Medverknad	3
2. Lovar og rettar	4
2.1 Lov om grannegjerde	4
2.2 Beiterett	4
3. Tilrådde gjerdemåtar	5
3.1 Nettinggjerde	5
3.2 Gjerdetypar av treverk	6
3.3 Grindar	6
3.4 Elektrisk gjerde og andre feller	7
3.5 Vedlikehald	8
4. Kjelder	9



1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for arbeidet

Utmarka i Tokke er viktige beiteområde for sau, samstundes som utmarka også nyttast som hytte- og turområde. Kommunen er i god dialog både med beitenæringa og hytteturistar, og ynskjer å legge til rette for at både desse næringane kan nytte dei store utmarksområda. Gjennom dialog- og evalueringsmøter er det kome fram at både hytteeigarar og beitenæring ynskjer seg klare retningslinjer om gjerdemoglegheiter, og krav om metode og vedlikehald i samband med dette.

Tokke kommune har gjort enkelte endringar i reguleringsføresegnene i dei største problemområda på Hallbjønnsekken, for å opne opp for gjerding av eit større område på hyttetomtene. I den samanheng er det naudsynt å legge viktige og detaljerte føringar for inngjerding i ein eigen rettleiar. Dette gjer det enklare for hytteeigarane å gjerde inne uteareal rundt hyttene sine, samstundes som beitenæringa vert ivareteke og dyr kan ferdast trygt i utmarka. Rettleiaren gjer det også enklare for kommunen å halde kontroll ved om gjerdereglar vert fylgd av den enkelte hytteeigar.

1.2 Medverknad

Rettleiaren er utarbeidd av administrasjonen i Tokke kommune. Faglag, beitelag og andre interesseorganisasjonar har hatt høve til å kome med innspel i prosessen. Gjerderettleiar for Tokke kommune vart endeleg vedteken i Landbruk, miljø og teknisk utval 18. april 2023.



2. Lovar og rettar

2.1 Lov om grannegjerde

Gjerdelova regulerer retten til å ha, og plikta til å sette opp og vedlikehalde gjerder mellom naboeigedomar, og korleis gjerdet skal vere utforma. Her fylgjer nokre viktige punkt frå lov om grannegjerde:

- Gjerdet må ikkje vere farleg for folk eller husdyr.
- Gjerdet skal vere slik at det ikkje er til unødvendig eller urimeleg ulempe eller sjenanse for naboeigedomen.
- For at det skal føreligge gjerdeplikt må begge eigedomar ha nytte av gjerdet.
- Hytteeigar kan aldri krevje at utmarkseigar set opp gjerde mot hyttetomta utan at dette er avtala.
- Eit gjerde som ikkje vert vedlikehalde skal fjernast, og det må ikkje liggje att gjerderestar som kan vere farlege for folk eller husdyr.

2.2 Beiterett

Beiteretten er ein av dei eldste bruksrettar som er knytt til den norske utmarka. Retten i utmarka er befestast gjennom sedvane, hevd og lovverk. Beiteretten sikrar beitedyra tilgang til kvalitativt gode beiteområde, ettersom område som er eigna til fritidsbebyggelse ofte ligg i dei beste beiteområda. Denne gjerderettleiaren gjev hytteeigar høve til å gjerde inne uteareal på hyttetomta si, samstundes **som** det vert teke omsyn til at dyreeigarar har beiterett i området.

Nye planar for området kan ha strengare føresegner i samband med inngjerding. Det kan også gå fram av kjøpekontrakta korleis beiteretten er handtert, og likeeins kva som er tillate av inngjerding.



Figur 1 Sau i utmark



3. Tilrådde gjerdemåtar


Eit landbruksgjerde skal vere minst 0,9 m høgt og så tett at det stenger ute hest, storfe, sau og geit i beitetida 1. mai – 15. oktober. Gjerdehaldaren må også syte for at det er lett å passere gjerdet for folk som ferdast etter stiar og vegar.

3.1 Nettinggjerde

Nettinggjerde er effektivt mot både storfe, sau og geit. Eit nettinggjerde med materialar av topp kvalitet som er sett opp på rett måte og står på god grunn kan stå i mange år føresett jamt tilsyn og vedlikehald. Nettinggjerde kan fort brytast ned av snøen dersom det ikkje hektast ned kvar haust. Hugs å snu nettingmaskane rett veg ved oppsetting, små masker nedst, store masker øvst. Nedste tråd bør ikkje vere høgare enn 5 cm over marka slik at det ikkje er mogleg for sau eller lam og stikke hovudet under og sette det fast. Her er det viktig å vere merksam på ujamnheiter og groper i bakken under gjerdet. Desse må fyllast att, eller tettast på annan måte.

Staurane skal stå så tett at nettingen held seg stram, ca. 1,5 - 1,8 m. mellom kvar staur. Dersom det går storfe eller hest på beite bør overtråd brukast slik at dyra ikkje bøyger seg over gjerdet for å få tak i godbitane på den andre sida. Då brytast gjerdet fort ned. Eit godt alternativ er bruk av bølgetråd (tykk ståltråd). Andre alternativ er bruk av straumtråd på toppen av gjerdet, eller å slå på bord på toppen av gjerdet. Etter 1. januar 2010 vart det eit absolutt forbod mot å bruke piggråd i gjerder som styrer dyrs ferdsel. Forbodet gjeld bruk av ny piggråd.

Nettingen bør vere av typa utmarksgjerde eller anna med tilsvarende styrke. Gjerdestolpane må vere impregnert, og helst runde. Halvkløyvingar har lett for å leggje seg over mot den sida som er flat. Dimensjonen på stolpane bør vere minimum 6 cm og oppover for å tole belastinga frå snø og beitedyr. Det må i tillegg brukast avstiving/skråband av impregnert materiale i hjørne, ved grunder og liknande.



Figur 2 Nettinggjerde




3.2 Gjerdetypar av treverk

Som skigard, remutgard, stakittgjerde o.l. må lagast så tett at ikkje dyr set seg fast mellom materiala. Avstand frå bakken og innbyrdes avstand mellom materiala bør ikkje overstige 10 cm.

3.3 Grindar

Grindar må utformast slik at dei ikkje er til fare for dyra. Spesielt farlig er det dersom mellomroma blir store nok til at sau/lam får hovudet inn, men ikkje ut att. Nedanfor visast eit eksempel på 3-meter brei grind. Innbyrdes avstand mellom materiala bør vere maks 10-12 cm, det same gjeld avstanda frå bakken til nedste fjøl:



Figur 3 Grind av tre

Alle trematerial bør vere impregnerte. Dersom grindane er laga av tre er hengsla grinder å føretrekkje, ettersom dei er enklare å opne og lukke. Det kan også vere aktuelt med ei lita grind for å gå gjennom i eller ved sida av ei stor grind for passering med kjøretøy. Ved beiteområde kan det vere lurt å utstyre grinda med skilt som minner folk om å lukke grinda.


Ei svinggrind eller sluse er eit alternativ for kryssing av gjerdet på bakkeplan. Her lagast det ei V-forma trakt på den eine sida av kryssingspunktet og ei svinggrind som slår mot ytterpunktta i opninga på den andre sida. For skildring og teikning sjå [Standardavtaler m.m. - Norsk Sau og Geit \(nsg.no\)](https://nsg.no)

Det er også mogleg å utstyre grinder med sjølvlukande mekanismar som fjørsystem eller liknande for å sikre at dei vert lukka.

Bruk av gjerdeklyv er ofte eit betre alternativ enn vanleg grind. Det beste alternativet er to stigar som er reist på skrå mot kvarandre frå kvar si side av gjerdet som vist på eksempelteikninga under. Stigane er bolta saman i toppen, og forankra i bakken med pålar. Stolpane på sida er høgare enn gjerdet slik at det



er noko å halde seg i, og platået på toppen gjer det enkelt å snu seg før ein klatrar ned att på andre sida av gjerdet. For fleire alternativ sjå her: [Standardavtaler m.m. - Norsk Sau og Geit \(nsg.no\)](http://Standardavtaler.m.m. - Norsk Sau og Geit (nsg.no))



Figur 4 Gjerdekliv

3.4 Elektrisk gjerde og andre fellar

Elektrisk gjerde **skal ikkje** nyttast rundt fritidsbustad, verken med eller utan straum. Verken elektrisk tråd eller netting er lov å bruke. Dette kan påføre dyr store lidingar ved at dei vert sitjande fast.





Figur 5 Eksempel på konsekvens ved bruk av straumnett

Hytte/bygning skal vere sikra slik at ikkje dyr kjem innunder og/eller kan setje seg fast, t.d. der hytte eller veranda står på pillarar. Dører på uthus og bodar må også sikrast slik at ikkje husdyr får dei opp og kan bli stengt inne.

3.5 Vedlikehald

Har du sett opp gjerde, er det ditt ansvar at det vert halde ved like og ikkje står til nedfalls og dermed farleg for husdyr. Eit nettinggjerde som ligg halvvegs nede kan vere ei felle der dyra set seg fast. Eit dårlig vedlikehalde gjerde kan også føre til at husdyr kjem inn på hyttetunet, men ikkje ut att, med det resultat at dei tørstar i hel.



4. Kjelder

[Lov om grannegjerde \[grannegjerdelova\] - Lovdata](#)

Illustrasjonar av gjerder, klyv og grindar er henta frå heimesida til Norsk sau og geit. Fleire alternativ finst her: [Standardavtaler m.m. - Norsk Sau og Geit \(nsg.no\)](#)

